



Starten går for siste pulje!

Vårt eige idrettslag sto for arrangementet av det siste karusellrennet og imponerte både sportsleg og med omsyn til tilskippinga. Det vart som lova ein verkeleg skifest i Fjellhaugen i dag.

Sjølv om det krevde betydelege ressursar av mannskap som ellers ville stilt til start, var faktisk ein fjerdedel eller over 30 deltakarar frå UIL med når også barnerennet blir teke med i reknestykket. Og uskedalingane kvitterte med fleire singlar. Skigruppa har hatt ein god sesong.



Sponsa frukt slo an før start. Rennechef Kathrine Haugland serverar

Alt var vellukka, frå ideelle vertilhøve til premiebordet som inneheldt sekkar frå Telenor. Men det var også ein lokal sponsor - SPAR styrka deltakarane med frukt før start!



UIL-duell mellom Tørres Myklebust Lekva og Sigve Rygg Eikeland

Rennet var ellers eit sprintrenn med prolog først og 5 friske finaleduellar etterpå.og her er eit tverrsnitt av det som uskedelingane presterte:



vinnar frå Uskedalen: Solveig Haugland



Vinnar frå Uskedalen. Tord Sæle

* I barnerennet var det 11 frå Uskedalen med* I jenter 10 år var deltakarane frå UIL desse, som berre deltok i prologen: Synne Eikeland, Elise Eikeland, Ingeborg Rygg Eikeland, Hanna Tvilde, Emma Ripel og Camilla Ripel.

* I gutar 10 år var desse med, også berre i prologen: Sigve Rygg Eikeland, Sondre Klyve, Tørres Myklebust Lekva, Martin Hjelmeland Arnesen og Torbjørn Haugland.

* I jenter 11 år vart Sunniva Ersland Myklebust nummer 2 og i gitar 11 år vart Jarand Jensen Eide nummer 4 og Harald Myklebust Lekva nummer 6.

* Veslemøy Haugland vann jenter 12 år

* Solveig Haugland vann jenter 13 år medan Ingvill Ersland Myklebust vartnummer 4 og Karen P. Brede nummer 5.

* Tord Sæle vann gitar 14 årforan Johannes Haugland.

* Ingebjørg Haugland var åleine i jenter 17 år

* I trimklassa under 50 år vart Ingunn Eikeland nummer 3 medanGeir Eikeland var einaste deltakar i klassa for menn

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen